

# Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: B65UQY

Registrert dato: 10.02.2022 10:52:26

Innleiing
Uttalen blir gjeven <input type="radio"/> Personleg <input checked="" type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining
Opplysningar om føretak/lag/foreining
Føretak/lag/foreining Hundvin kai
Namn på innsendar May Hundvin
Rolle leiar
Adresse Hundvinvegen 109
Postnummer 5956
Poststad Hundvin
Telefon 99240556
Telefaks

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale: <input checked="" type="radio"/> Kommuneplanen sin samfunnsdel
Uttale Ein vil på det sterkaste tilrå at Hundvin skal få status som nærsenter i kommuneplanen sin samfunnsdel. Hundvin tilfredstiller dei krav til nærsenter slik desse er definert. Vi ligg ei mil frå Lindås som er vårt næraste lokalsenter. Vi har mange lokale møteplassar: Daglegvarebutikk som held til i lokale eigd av bygda sine folk i aksjeselskapet Hundvinbu; Ungdomshuset med ungdomslaget sine aktiviteter så som raspeballemiddagar, pub, leikaring, trim, basarar og utleige til fest og samlingar; Bedehuset som innbyr til nabolunsj, ungdoms og barneaktivitetar for oss alle i bygda i tillegg til eigne samlingar, Sanitetsforeininga som engasjerer oss for kvinnehelse og sosialt samvær, - alle desse har sett opp og har finansiert eigne bygg og vedlikehald. Vi har Montessorriskulen som er mellom dei største barneskulane i sitt slag på landsbasis, vi har naturbarnehage med privat drift, vi har skulemusikk som gjer det godt i konkurransar og leverer musikantar til Eikanger Bjørsvik, vi har kyrkja som er reist av innbyggjarane sjølve og stod ferdig i 1936. Hundvin kai er relativt nystifta for å ta vidare oppgåvene som låg tidlegare til aksjeselskapet som bygde Hundvinkaien. Føremålet er å sikre tilgang til sjø som det er stor skort på her på vår side av Lurefjorden. Når ein legg stor vekt på å at Hundvin skal få status som nærsenter er dette for å sikre at vi skal vere med i utviklingsplanane for Alver vidare, dette med omsyn til prioriteringar innan bustadbygging, eldrebustader, gang og sykkelvegar, trafikkbelysning mv. slik ein ønsker å utvile nærsentra. Og for Hundvin kai sin del skal vi bli ein god

samarbeidspartner med omsyn til målsettingane om tilgang til sjø og båtliv. Derfor: La også Hundvin få status som nærsepter!